

Velkommen som MINI-konfirmant 2019!



Til 5. klassingar med føresette i Høyanger

No er det 10-11år sidan de fleste av dykk døypte borna dykkar. I dåpen gav de ein lovnad om å oppseda barnet i den kristne forsaking og tru.

Som minikonfirmant vil borna få lære litt meir om kva dei vart døypte til.

Minikonfirmasjonsopplegget består av **fire samlingar og weekend** på Alværa..

I tillegg er det bibelutdeling og avsluttande gudsteneste. Sjå oversikten.

Samlingane vert i **Høyanger kyrkje 4 fredagar rett etter skuletid – frå 12.30 til 14.00.**

Dersom kyrkja er oppteken, vert samlingane på bedehuset.

På samlingane skal vi lære om Bibelen, dåpen, bøna, nattverden og Jesus ved å gjere, høyre og prøve. Vi skal også leike og ete litt frukt. Hugs å ta med bibelen på samlingane.

29.-31. mars er det **minikonfirmantweekenden** på Alværa. I tillegg til minikonfirmantar frå Høyanger kommune, vil du møte minikonfirmantar frå Solund, Hyllestad, Gulen og Balestrand. Meir informasjon om weekenden og pris på den kjem seinare.

*Første samling vert alt **fredag 8. februar** - altså før du får bibel. Det er ikkje samlingar når det er frifredagar og før ferier, difor må vi starte alt 8. febr for å få 4 samlingar før minikonfirmantweekenden i mars.*

Håper at alle minikonfirmantane har høve til å vere med tårnagentgudstenesta **10. februar.**

Då vil du få bibel. Sjå eigen invitasjon.

Veit de om nokon som ikkje ha fått invitasjon, inviter dei med.

GUDSTENESTE i Høyanger kyrkje søndag 10. februar kl. 11.00

Tårnagentgudsteneste. Utdeling av bibel.

Samling 1
Fred 8. febr
12.30 til 14.00
Møt i kyrkja

Samling 2
Fred 1. mars
12.30 til 14.00
Møt i kyrkja

Samling 3
Fred 15. mars
12.10 til 14.00
Møt i kyrkja

Samling 4
Fred 22. mars
13.15 – 14.45
Møt i kyrkja

WEEKEND PÅ ALVÆRA

29.-31. mars

Tema: MISJON & PÅSKE

Minikonfirmantavslutning er ikkje bestemt enda. Men då vil du få diplom og ein perm med alle songar og det vi har jobba med.

Håper at alle har lyst til å vere med!!!

Toril Lange (kyrkjelydspedagog) (922 40 966), Runar Matsui-Li (prest) og Heike Müller.
Påmelding til minikonfirmantopplegget til Toril på sms eller på første samling.